

MELDING
om
FISKERIBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
19 69

Navnet på vatnet Hagalivatnet
Kommune Hjelmeland

Feltarbeidet, vidare arbeid med
materialet og skriving av meld-
inga er utført av Rogaland Skog-
selskap v/ E. Berg, etter retnings-
liner og i nært samarbeid med
Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge, herr Øivind Vasshaug.

H A G A L I V A T N E T.

Vatnet ligg i Hjelmeland kommune, ca. 2,5 km i luftline nord-aust for Hjelmelandsvågen, elles nord-vest for Lauvåsen like ved garden Hagali. H.o.h. er 294 m.

Største lengde er ca. 500 m og største bredde ca. 300 m med eit areal på omlag 14 ha.

Vatnet er stort sett grunt over det heile og har neppe djupne over 10,0 m nokon stad utan at dette er målt.

Stranda består for det meste av stein som går over til jørme og mudderbotn ut mot djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt,

Botngras, moser og alger utgjer vegetasjonen i vatnet frå stranda og ut mot djupet. På sine stader veks det ein del sivplanter og nøkkerosar.

Nedslagsfeltet, som ikkje er særleg stort, femner om dyrka mørk, kulturbeiter og skogsmark der det veks bar- og lauvskog.

Hovudbergarten er fyllittskifer men med innslag av gneis og granitt.

Hovudtilsiget kjem frå nokre mindre tjørn på sørsida, elles frå nokre mindre bekketilsig kring vatnet.

Avlaupet er i nord og vatnet renn ut i Jøsenfjorden.

Gjennomstøyminga er lita.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 8,0 m og vassfargen brunleg-gul som indikerar påverknad av humus.

Surheita pH er 6,8 som reknast å vera nærast ideelt for aure.

Innhaldet av kalk(Ca CO_3) er 5,3 mg/l og den totale hardheita 10,0 mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig, men likevel relativt bra i høve til mange andre analyserte vatn.

Leiingsemna $K_{18} = 30,5 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2,0 m 5,0 m og 10,0 m djup.

På 2,0 m vart funne 9 stk. øyenstikkerlarver, 20 stk. fjærmygglarver, 3 stk. muslingar, 3 stk. mygglarver og 1 stk. døgnfluge-larve-tilsvarande 360 individ pr. m^2 .

5,0 meteren gav som resultat 1 stk. fåbørstemark, 17 stk. muslingar, 4 stk. vårflugelarver, 3 stk. fjærmygglarver, 1 stk. linsekreps og 1 stk. mygglarve-ialt 260 individ pr. m^2 .

På 10.0 m fann ein 10 stk. muslingar, 2 stk. fåbørstemark og 6 stk. fjærmygglarver - tilsvarende 180 individ pr. m^2 .

Samla resultat syner heller lite med botndyr, men likevel bra i høve til mange andre analyserte vatn.

For å få greie på kva fisken eigentlig ernærer seg av på det tidspunkt prøven vart teken, tok ein mageprøver av 4 fiskar og her vart det funne fjærmygglarver og pupper, vårflugelarver, muslingar planktoniske krepsdyr, linsekreps, vann-nymfelerver og div. overflateinnsekter.

Fjærmygglarvene er i dominans medan linsekreps forekom i prøven.


Plankontrekk.

Ved hjelp av planktonhov tok ein både horisontale og vertikale plankontrekk og resultat: Ca. 50.0 m hor. trekk, rikt med *Holopedium gibberum* (indikerar liten leiingsemne) og hoppekreps. 10.0 m vert. trekk relativt rikt av dei same artene.

Fisk.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 72 aurar som deler seg slik på omfara.



Ein tok prøver på ialt 27 aurar og av desse var 8 stk. røde, 14 stk. lys-røde og 5 stk. kvite i fiskekjøttet.


17 stk. var hofisk og 10 stk. hanfisk.

4 stk av fiskane var angripne av bendlorm (fiskeandmark?).

Medel fyllingsgrad 2.2. 2 stk. av fiskane var tome i magesekken.

Medelvekta for alle dei fanga fiskane (72 stk.) ligg på 111.9 gr. og medellengda på 22.3 cm.

Fordeler ein fangsten på cm.-klassar vil ei grafisk framstilling sjå slik ut.




Ser vi på medellengda og årleg medel lengdetilvekst vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medel lengde i cm	5.9	12.8	18.2	21.2	22.3	24.1
Årleg medel lengdetilv. i cm	5.9	6.9	5.4	3.0	1.1	1.8
Antall fiskar	27	27	26	14	5	2

Medel kondisjonsfaktor 0.94 svarar til fisk av medels bra kvalitet.

Set vi opp ein vekstkurve for fisken i Hagalidvatnet og sammenliknar med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år) vil denne sjå ut som vist på neste side.

Fisken veks her bra dei første åra av sitt liv og ligg over normalkurven like til 4 års alder, men her stagnerar veksten. Dette heng nok for ein del saman med kjønnsmogning og gyting men ikkje berre det. Normalt skulle fisken i Hagalivatnet kryssa normalkurven ved 5 - 6 års alder og det ville gitt ein heilt annan fiskekvalitet. Slik tilhøva er i vatnet i dag vil maksimallengda for fisken liggja omlag 27 cm og med K-faktor = 0.9 svarar dette til fisk på omlag 130 gram og det er altfor lite for dette vatnet.



Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriseraast som meire næringsrikt enn andre vatn i området og overbefolka. Det er nedslagsfeltet som i stor mon er avgjerande for næringsforrådet i eit vatn. Når Hagalidvatnet for ein del grensar mot dyrka mark m.v. vil tilsiga herfrå føre næringsstoff med seg og som vil koma vatnet til gode, men fiskebestandet er likevel i dag i overkant av det vatnet tåler. Vatnet sin bæreminne må ein anta er nådd for ein del år sidan, så kvar ny årgang med yngel og fisk inn i vatnet vil heretter raskt føre til ytterligare vekststagnasjon og kavalitetsferringing om ikkje fisket blir intensivert noko i åra framover.

Vekstkurven stagnerar etter 4 års alder og det er altfor tidleg. Kjønnsmogning og gyting har nok her spela inn, men vi skal og hugse på at næringsforbruket vil vera vesentleg større for fisk i denne alder og oppover. Det er grunn til å tru at fiskebestandet i vatnet er i overkant i høve til det næringsforrådet vatnet inneheld.

Kondisjonsfaktor o.94 svarar til modells bra fisk, men denne vil gå nedover dersom fisket ikkje intensiveres.

Ser vi på omfarsfordelinga fortel denne at det er småfisken som fullt ut dominerer vatnet. Praktisk talt all fisk vart teken på omf. 24-26 og 32.

Gytetilhøva må karakterast som gode i avlaupsbekken så rekrutteringen vil vera sikra.

Praktiske tiltak.

Som allerede nemnt er det viktigaste tiltaket her å intensivere fisket i åra framover. Dette kan gjerast på fleire måtar, men den beste måten trur eg mest vil vera å demme opp avlaupsbekken på bde sider, slik at vatnet blir leia inn i eit laup(kanal) og deretter setja opp ei ruse o.l. i laupet slik at fisken som går på bekken for å gyte om hausten er nødt til å gå inn i rusa. Ein vil då kunne få bort mykje av gytefisken og vidare den årgangen med yngel som ville ha kome frå desse.

Ein annan måte er å kjøpa inn 4 - 5 stk. småmaska garn og setje disse i nærleiken av avlaups- og tilsiigsbekker. Om hausten når nettene er lange og mørke, kan ein gjera store fangstar med dette fisket.

Noter ned antall fiskar og vekta på desse. Dette er viktig då ein på lengre sikt vil få eit grunnlag til å bestemme avkastninga på vatnet.

Då vatnet er kalkfattig, og eignar seg godt for gjødsling, vil eg tilrå at ein spreiar ut ca. 20 kg. thomasfosfat pr. dekar utpå ettervinteren eller våren. Lønsemnda med dette vil eg ikkje gå god for, då gjødsling av fiskevatn nærmest er på eksperimentstadio, men det er grunn til å tru at ein vil kunne auke avkastinga ein del om vatnet år om anna får eit slikt næringstilskot.

Generelt kan ein seie, at Hagalivatnet er oversiktlig og lett å halde under kontroll, så med eit fornuftig fiske både med stang og garn og event. ved justering av gytetilhøva, vil ein nær sagt kunne få fiskebestandet der ein sjølv måtte ynskja.

Vatnet ligg langt til for fiske, og vil kunne gi stor avkasting av fin aure når dei ovanfor nemnde tiltaka er gjennomførte.

Etter 3-4 år kan vi så ta eit nytt prøvefiske for å sjå korleis tiltaka har verka.

Stavanger 4/2 1970

Einar Berg